



# LEIGESATSAR Strandahallen

Gjeldande frå 01.01.2022

## 1. LEIGESATSAR VED ARRANGEMENT

- a) Lag/organisasjonar som leiger hallen til arrangement der det er billettinntekter/deltakaravgift betalar ein leigepris på:  
**kr 340 pr. time dei første 2 timane**  
**kr 180 pr. time etter dei første 2 timane**

**NB! Minste leigetid er 2 timar**  
**Leiga omfattar ikkje garderobar**

- b) Lag/organisasjonar som leiger hallen til andre inntektsgjevande arrangement som t.d. tombola, marknader, arrangement med matsalg, loddsalg o.l. der det ikkje er billettinntekter betalar ein leigepris på:  
**1/1 hall kr 3 220 pr. arr. dag**  
**1/2 hall kr 1 950 pr. arr. dag**

**Leiga omfattar ikkje garderobar**

- c) Lag/organisasjonar som leiger hallen til ikkje inntektsgjevande arrangement som har kulturell verdi betalar ein leigepris på:  
**1/1 hall kr 815 inntil 3 timar**  
**1/1 hall kr 1 900 for kvar dag utover 3 timar**

**Leiga omfattar ikkje garderobar**

- d) Lag/organisasjonar som leiger garderobar i hallen betalar ein leigepris på:  
**kr 85 pr. time**  
**+ reinhald fakturert etter brukte timar/kostnad**

- e) For arrangement som ikkje kjem under punkta ovanfor, vert leiga fastsett i kvart einskild høve av kulturleiar.

- f) For lag utanom Stranda kommune som berre nyttar garderobane ved hallen, er leiga kr 255 per garderobe/per gang.

**NB! Dersom ein ved arrangement også skal leige rom i Stranda ungdomsskule (slik som allrom/amfi/vestibyle/toalett/kiosk og kantinekjøkken), så har desse lokala eigne leigesatsar.**

## 2. LEIGESATSAR VED TRENING

- a) Det vert ikkje teke leige for trening etter oppsett godkjend timeplan for lag i Stranda kommune.
- b) For trening på dagar då hallen og skulen er stengd for vanleg trening, dvs. på helgedagar, laurdagar, søndagar og i feriar, skal alle lag i Stranda kommune betale:
  - 1) **Kr 275 pr. time når ein nyttar salen + 1 garderobe**
  - 2) **Kr 170 pr. time når ein nyttar berre salen**
  - 3) **Eit tillegg som under pkt. 1 f) dersom ein nyttar fleire garderobar**
- c) I særskilde høve kan kulturleiar fastsetje andre leigesatsar for trening.

## 3. LEIGESATSAR I SKULETIDA

På dagtid (kl. 08:00-15:00) kan Strandahallen leigast ut til undervisningsinstitusjonar som skular, barnehagar o.l. **Dei skal betale kr 155 pr. sal pr. time.**

\*\*\*\*\*

**NB! Opningstidene i Strandahallen følgjer skuleåret**